

Frå registreringar veit vi at infeksjonsnivåa av lakselus på laks og sjøaure er så høge at store delar av bestandane etter nokre veker i sjøen har så store skadar at dei ikkje overlever sjøoppdaldet. No skal Hardangerfjorden kartleggjast.



HALSNØYA: Ein av idyllane i Hardangerfjorden, med Halsnøy kloster, kanskje det flottaste og mest underprofilerte kulturminnet i Hordaland. På folkemunne heiter det at munkane på klosteret dyrka skjel, og østers og haneskjel fins det framleis i dei gamle bassenga på Løkjelsøy. FOTO JAN RABBE

Hardangerfjorden under lupa

KRONIKK

Øystein Skaala, Havforskningsinstituttet prosjektleiar for Hardangerfjordprosjektet



Hardangerfjorden har gitt mat og arbeid for menneske i over 9000 år. I dag er fjordbassenget utnytta på mange vis, til fiskeri, rekreasjon og reiseliv, som mottakar for kloakk og avfall frå industri og hushaldningar, og som transportveg for folk og gods. Og sist men ikkje minst, her finn vi Noregs tettaste konsentrasjon av fiskeoppdrett, med ei årleg verdiskaping i milliardklassen. Fjordane på Vestlandet er kåra til ei av dei flottaste opplevingane i verda, og utlendingane som gjester oss fortel at det er fjorden og fjordlandskapet dei kjem for å sjå. Di større utnyttingsgraden er av fjordområdet, di viktigare er det likevel at vi har oversikt over bereevne og effektar, i alle høve dersom vi ønskjer at fjorden skal vera til nytte og glede også på lang sikt.

Identitet

Fjorden er ein del av identiteten og kulturarven vår, og ein viktig faktor i verdiskapinga i regionen. Ein kan undra seg over at medan vi gjennomfører ei omfattande, årleg overvakning av miljøet i dei store havområda med fly, skip, satellittar og avansert teknologi, har det fram til nyleg vore praktisk tala inga systematisk undersøking av det marine nærmiljøet vårt. Dette har Fiskeri- og kystdepartementet no teke konse-

kvensen av i ressurstildelinga til Havforskningsinstituttet, der det i fyrste omgang er sett av friske midlar for å styrkja undersøkinga av økosystema i Hardangerfjorden og Porsangerfjorden. Vidare har Fiskeri- og kystdepartementet gitt instruks med umiddelbar verknad til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet om å iverksetja særskilde tiltak i forvaltninga av Hardangerfjorden. Bakgrunnen for denne instruksjonen er mellom anna omsynet til fjorden si bereevne, situasjonen rundt fiskehelse og parasittar og omsyn til ville bestandar av laks og sjøaure.

Fjordens økosystem

Som ei umiddelbar oppfølging av føringane frå departementet har Havforskningsinstituttet, saman med andre gode forskingsmiljø, sett saman ei tung forskargruppe som har utforma eit dokumentasjonsprogram for Hardangerfjorden. Programmet skal primært kartleggja og dokumentera økosystemet i fjorden, kva mekanismar som styrer utviklinga og i kva grad menneskelege aktivitetar påverkar økosystemet. Kartlegging av straumtilhøva og utskifting av vassmassane i fjorden, detaljerte målingar av temperatur, salt og oksygen, og mengda av næringssalt står sentralt. I godt samarbeid med forskarar ved Universitetet i Bergen vil det bli gjennomført kartlegging av tang- og tareskogen, som er "oppvekstsenter" for mange dyreslag. Det mest avanserte videoutstyret som er å oppdriva vil bli henta inn for å beskriva tilstanden for dei mest

fakta

Hardangerfjorden

- Hardangerfjorden er 179 kilometer lang, Norges nest lengste og verdas tredje lengste fjord.
- Fjorden går frå Husnes og Tynesøy mot vest til Odda i aust.
- Største djupne er over 800 meter.
- Ei mengd oppdrettsanlegg gjer Hardangerfjorden til ein av dei fire største oppdrettsregionane i verda.

KJELDE: WIKIPEDIA.

verdfulle og sårbare områda av fjorden, og visa glimt frå dagleglivet til skapningane som lever der, ute av syne for dei fleste av oss.

Under grensa for overleving

Artssamansetjinga i dyreplanktonet blir undersøkt, fordi dyreplanktonet er sjøve grunnlaget for mange fiskeslag som til dømes brisling, ein av nøkkelartane i økosystemet. Brislingen som har vore ein viktig del av næringsgrunnlaget og inntekta for folk i Sunnhordland sidan slutten av 1800-talet, og samstundes viktig mat for andre fiskeslag, er no nærast borte. Alle bestandar av laks, etnelaksen unnateke, er under grensa for overleving, utviklinga av sjøaurebestandane er tilsvarende. Frå registreringar utført av Norsk institutt for naturforskning, Rådgjevande Biologar, Universitetet i Bergen og Havforskningsinstituttet dei seinare åra veit vi at infeksjonsnivåa av lakselus på laks og sjøaure er så høge at store delar av bestandane etter nokre veker i sjøen har så store skadar at dei ikkje overlever sjøoppdaldet. I Etnesfjorden er i år 95% av den undersøkte sjøauren infisert med lus, og i snitt har kvar aure over 40 lus, tilsvarende tal for Rosendalsområdet er 90% og 30 lus i snitt. Heldigvis er situasjonen langt betre i dei indre fjordområda.

Lakselus og rømming

Samstundes veit vi at oppdrettarane i Hardangerfjorden har sterk fokus på både lakselus og rømming, og gjer mykje for å betra situasjonen. Gjennom opp-

startingsarbeidet med det nye Hardangerfjordprosjektet har det kome fleire invitasjonar frå oppdrettsnæringa til felles innsats for villfiskten, seinast frå Sveinung Sandvik, leiar av FHL Vestnorsk havbrukslag, i BT. 5. Juni. Når det gjeld rømingstatistikken Sandvik viser til, omfattar den likevel berre den rapporterte rømminga, og berre frå sjøanlegga. Fiskeriforvaltninga og Økokrim meiner at den reelle rømminga frå sjøanlegga er vesentleg høgare enn den rapporterte, og at det i tillegg rømmer ein god slump fisk frå smoltanlegga. Det er likevel andelen av rømt laks i vassdraga som er det største problemet, og her viser den nasjonale overvakinga ei positiv utvikling frå 1990 talet, medan Etnelva, den siste livskraftige laksebestanden i Hardangerfjordbassenget frå 2006 til 2007 hadde ein auke frå 20 til 46% rømt oppdrettslaks. Det er uvisst kor lenge etnelaksen kan overleva ein slik påverknad frå rømt laks og lakselus.

Fjordens framtid

For Hardangerfjorden si framtid er det veldig bra om vi kan få til eit godt samarbeid mellom oppdrettsnæringa og forskingsmiljøa som no skal dokumentera tilstanden for økosystemet i fjorden. Det viser seg ofte at når vi snakkar om dei same tala, og utviklar ei felles kunnskapsplattform, får vi ei felles forståing av problema, og det er eit godt utgangspunkt for framtida til fjorden vår.